

Til Politikarane i Meland Kommune

På bakgrunn av informasjonsskriv med forslag om endring i skulestruktur i Meland kommune frå hausten 2019, vil FAU ved Rossland skule kome med nokre innspel til politikarane i kommunen. Det er forståing for at kommunen er i ei økonomisk situasjon der ein må kutte i kostnader for å få eit balansert budsjett, men endringane som er foreslått meiner vi i FAU at vi ikkje kan godta.

Ei slik dramatisk endring som er foreslått i skulestrukturen, vil få store konsekvensar for elevar, føresette, tilsette ved skulane og for samfunnet i kommunen generelt.

Rossland er i dag rekna som kommunesenter 2, men vert ikkje prioritert. Dette fører til at det opplevast som om ei sentralisering er i emning.

FAU har fått innspel frå fleire bekymra og frustrerte foreldre og elevar, og vi har lista opp nokre konsekvensar ein ser føre seg som følgje av budsjettforslaget for 2019.

Å sende ungdomsskuleelevane frå Rossland til Meland ungdomsskule kan påverka ungdomsmiljøet på Rossland og vi kan få eit fortetta miljø på Frekhaug som gjer det endå meir uoversiktleg enn det er pr. i dag. Ungdomsaktiviteten i nærmiljøet på Rossland vil truleg døy ut då det vil vere meir naturleg for ungdommane å oppsøke aktivitetar i nærleiken av skulen dei går på.

Overføringa krev utbygging på Meland ungdomsskule og dette kostar òg pengar. Ein kan også spørje seg om dette er lovleg i høve til nærskuleprinsippet? Det er lang veg frå Skjelanger til Frekhaug, og dette vil utgjere ei tredobling av reiseveg for elevar frå Skjelanger. Akkurat det vart teke omsyn til då ungdomsskuleelevane vart flytta frå Meland til Rossland på 70-talet.

Vi vil også peike på at det er usikker veg på vinterstid med tanke på tidvis manglande brøyting og salting heilt nord til Skjelanger.

Foreldregruppa er bekymra for at det kan vere lettare å hamne i feil miljø når ein samlar alle ungdommane på ein plass der forholda vert store og uoversiktlege. Det er viktig at ungdommen har det trygt og godt i den fasen av livet dei er i. Konsekvensane kan bli at fleire tek dårlege val som kan påverke framtida. Dette kan føre til ekstra kostnader for samfunnet på sikt.

Dette er slik FAU på Rossland skule ser det, ikkje ei investering i framtida!

Dersom mellomtrinnet på Vestbygd skule skal flyttast til Rosslund, vil elevane få 3 skular å forholda seg til i løpet av 10 år. Dei får ikkje et trygt og godt skulemiljø!

Igjen må vi peike på Rosslund som kommunesenter 2 der vi ikkje kan byggje ut vidare, grunna for dårleg standard på vegen. Her meinast det at varebilar ikkje kan køyre ut, og at vegen ikkje toler ei auke i trafikken. Paradoksalt nok kan ein planlegge ei auke i transport av elevar på same veg.

I dag har elevane tilbod om Kulturskule på Rosslund i SFO-tida. Det er uvisse om korleis tilbodet vil verte etter ei eventuell omorganisering av skulen.

I tillegg til å flytte ungdomsskuleelevar og mellomtrinnslevar frå dei trygge og kjende miljøa sine, foreslår Rådmannen no å flytte dei aller minste borna som går på SFO frå Rosslund til Vestbygd. Av ulike grunnar er det fleire og fleire utrygge born i skulen i dag, og utrygge born treng stabilitet og tid for å bli trygge. SFO-borna kjem frå trygge barnehagar og inn i skulen. Ein må hugse på at skulen og SFO er meir uoversiktleg for eit lite born, og FAU meiner ei slik fraktordning av SFO-born er eit svært urovekkande framlegg for å spare pengar.

Skal Meland verte ein kommune der pengar kjem framfor dei svakaste i samfunnet vårt? Borna er framtida vår! Trygge born vert trygge vaksne, og det er det Meland kommune treng i framtida.

Meland Kommune vil arbeide for eit trygt og godt oppvekstmiljø. Samstundes seier rådmannen med dette budsjettforslaget, at pengar er viktigare enn borna og at det ikkje er så nøye med eit trygt og godt oppvekstmiljø dersom vi må spare pengar.

I Opplæringslova §9a står det at «Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.» og vidare at «Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.» Slik vi ser det vil forslaget frå Rådmannen vanskeleggjere skulens arbeid med å fremje sosial tilhøyrslø og tryggleik for borna, og dette vil særskilt råke dei minste, born med spesielle behov og i overgangen mellom dei ulike trinna.

Vi i FAU ved Rosslund skule vil på det sterkaste oppmode politikarane om å forkaste dette forslaget og finne andre løysingar.

Venleg helsing
FAU Rosslund Skule
v/ Leiar Linda Meyer.

